

Årsmelding 2009



Fjell sokneråd

SAMAN vil vi gjere Kristus kjend, trudd, elska og etterfølgd

Satsingsområde 2006-2009:

*** Medarbeidarskap * Diakoni * Trusopplæring
* Gudstenesteliv**

Innleiing

Soknerådet hadde i sin strategiplan for 2006-2009 følgjande satsingsområde: Medarbeidarskap, diakoni, trusopplæring og gudstenesteliv. Årsmeldinga for 2009 tek utgangspunkt i desse satsingsområda, og den overordna målsetjinga for kvart område.

Soknerådet – samansetjing og saker

14. september 2009 vart det over heile landet halde soknerådsvalet. Valet var lagt til same dag som stortingsvalet. I Fjell vart valet halde i 8 av 18 valkrinsar. Totalt vart det avgitt 1247 røyster, som gav ei valoppslutning på 8 %.

Fram til november 2009 hadde soknerådet følgjande faste medlemmer: Dag Olav Bjørøy (leiar), Svein Morland (nestleiar), Inge Ree, Liv R. Ågotnes, Kåre Berge, Oddmund Lervik, Bjørn Andersen, Veronica Ebbesvik, Gyri Ann Lie og Bente Kongsbakk Madsen. I tillegg er soknepresten fast medlem av soknerådet. Varamedlemer: Morten Nygaard, Leif Jarle Theis, Ruth Skoge Tangen og Gerd O. Lie. Dei vert alle takka varmt for arbeidet dei som rådsmedlemer har gjort for kyrkjelyden i Fjell.

Faste medlemer i soknerådet frå november 2009 er: Leif Jarle Theis (leiar), Kirsten Kjølén (nesteleiar), Bjørn Andersen, Sven Bech-Sørensen, Ragnhild Bjelland, Kjell Fyllingen, Toril Herdlevær Kvalheim, Morten Nygaard, Jan Ragnvald Torsvik, Maria Wergenland. Varamedlemer: Inge Ree, Dag Olav Bjørøy, Ina Marie Sewe, Torhild Smith Wiker og Arne Ingolf Lie.

Fjell sokneråd hadde 11 møte og handsama 65 saker i 2009.

Nøkkeltal frå årsstatistikken

Nøkkeltal (tal i parentes er frå 2008) i årsstatistikken syner ei gjennomsnittleg gudstenestedeltaking på **137** (145), talet på døypte busette i Fjell var **201** (245), konfirmantkullet var på **292** (255), det var **32** (55) vigslar og talet på gravferder var **121** (105).

Nøkkeltal frå årsrekneskapen

Driftstilskotet frå Fjell kommune var på kr 9 857 000,-. Totale inntekter var på kr 16 257 221,-, dette inkluderer inntekter frå offerinntekter, leigeinntekter, festavgifter, statlege tilskot og deltakarbetaling. Totale utgifter var på kr. 16 234 630,-. Dette gjev eit netto driftsresultat på kr 87 000,- etter finansinntekter/-utgifter. (Endelegje tal vil vere klare etter 15. mars.)

Målsetjing for medarbeidarskap:

Kalle, ivareta og utruste menneske til eit liv i teneste

Fjell sokn har hatt 29 løna medarbeidarar i 2009. Talet på uløna medarbeidarar er omlag 300. Mange av desse engasjerer seg på fleire område av kyrkjelydsarbeidet. Medarbeidarane er den viktigaste ressursen vi har. Soknerådet si målsetjing om å kalle, ivareta og utruste menneske til eit liv i teneste er difor ein nøkkel for alt arbeid som kyrkjelyden driv.

Gjennom soknerådet sitt kontinuerlege kyrkjelydsarbeid, vert menneske på ulike måtar kalt til teneste. Foreldre vert bedne om å hjelpe til på T-dagar, konfirmantar får spørsmål om å samle inn kollekt, nokon steller til kyrkjekaffi, andre spelar eller syng på gudstenesta, det vert rekruttert nye medlemmer til ulike råd og utval m.v. Mange er blitt kalt til ei teneste. Soknerådet ser likevel at det finst mange uutnyttede ressursar i kyrkjelyden, og at det er eit stort potensiale til å kalle fleire til teneste.

Soknerådet ønskjer å ivarta medarbeidarane sine. Det er difor systematisert møtepunkt mellom soknerådet og både løna og uløna medarbeidarar i det såkalla medarbeidarhjulet. Tanken med årshjulet er å ha ein føreseieleg og forpliktande møteplan der ein både ser og høyrer kvarandre, utvekslar viktig informasjon samt kan drøfte aktuelle saker.

Alle frivillige medarbeidarar fekk Bibelleseplan til jul og invitasjon til ”*Takk for innsatsen festen*” for sommaren. Også i år vart dette kombinert med kunstutstilling, Kulturkåseri og ein vellukka sommarkonsert.

Utrusting til teneste skjer gjennom mellom anna gjennom forkynning, medarbeidarsamlingar og kurs. Til dømes vart uløna medarbeidarar utdanna til bruk av Godly play opplegget, og til å halde vandring gjennom bibelen-kurs.

Målsetjing for diakoni:

Vere vitne om Guds kjærleik ved å vise omsorg og respekt for medmenneske og skaparverket

Diakonien i Fjell

Det vert utført mykje diakoni i kyrkjeyden som ikkje er organisert og som ikkje kan kome med i ei årsmelding fordi ingen veit om det. Den diakonien som kvar einskild gjer i kvardagen er den aller viktigaste. Den allmene diakonien som vert gjort i møte med naboar og arbeidskollegaer er den som skaper dei gode møtepunktta for einskildmenneske.

Når det skal skrivast årsmelding om diakonien i kyrkjelyden kan vi bare skrive om det som vi organiserer.

Eldretreff

Ellen Ebbesvik starta med eldretreff i Landro kyrkje då ho tok til som diakoniarbeidar i 20% stilling. Dette tiltaket har vore til stor glede for dei eldre i nordre del av kyrkjelyden. Ein gong i månaden er det samling i kyrkjekjellaren i Landro. Etter kvart har deltakartalet auka. No er det mellom 50 og 60 deltakarar på møta.

I tillegg har det vore arrangement i Fjell kyrkje i samarbeid med Fjell diakonat. På dette arrangementet var det og godt oppmøte, og deltakarane ønskte fleire slike arrangement i Fjell. Det vil bli fleire slike arrangement i Fjell kyrkje i året som kjem.

Minnegudsteneste/sorggruppe

Allehelgensdag vert alle som har mista nokon det siste året invitert til minnegudsteneste i den kyrkja gravferda har gått frå. Denne gudstenesta er spesielt retta mot dei sørgjande og ein del av dei inviterte kjem på denne gudstenesta.

I 2008 og 2009 inviterte Fjell og Sund kyrkjelydar til sorggruppe. Det meldte seg 6 personar som ønskte å vera med. Det vart gjennomført 10 samlingar der ulike tema vart tatt opp. Vi fikk gode tilbakemeldingar som sa at dette hadde vore til god hjelp i det vidare sorgarbeidet. Det kom og fram ønske om å starte ei sorggruppe for foreldre som hadde mista barn. Til denne gruppa meldte det seg 4 foreldre. Det vart gjennomført 3 samlingar i denne gruppa. Hausten 2009 inviterte vi igjen til sorggruppe. Denne gongen meldte det seg ikkje mange nok til at det vart noko gruppe. Det vil bli gjort eit nytt forsøk på å starte sorggruppe i løpet av 2010.

Temakveldar/samlivskurs

Vinteren 2009 vart det arrangert ein temakveld i Landro kyrkje der Øystein Rønhovde heldt foredrag. Dette vart tatt godt imot av deltakarane. På denne bakgrunn vart det søkt om departementet om støtte til å arrangere samlivsweekend hausten 2009. Søknaden vart innvilga med ein stønad på 20000 kr. Dessverre meldte det seg så få par at vi måtte avlyse weekenden og returnere pengane. Vi vil forsøkje å arrangere samlivsweekend igjen, men denne gongen i samarbeid med dei andre kyrkjelydane i prostiet.

Diakoniens dag

I fastetida forsøker vi å arrangere ein diakoniens dag i alle 3 kyrkjene. Desse gudstenestene ønskjer vi skal ha diakonien i fokus. Dette er viktig for å løfte fram den allmene diakonien i kyrkjelyden, og minne om at dette er eit felles ansvar.

Besøkeneste/samtalar/sjelesorg

Haraldsplass sjukehus kontaktar oss av og til om menneske som dei har hatt som pasientar og som treng nokon som kan komme på besøk. Vi forsøker å få nokon av dei frivillige medarbeidarane til å vera besøkjar, men det meste av besøka er det vi tilsette som tek. Prestane har andakter på institusjonane, og i samband med desse andaktane er det mange som får eit ekstra besøk og samtale med presten. Diakoniarbeidaren Ellen Ebbesvik og soknediakonen er ute i heimebesøk. Det er mange eldre og sjuke som ønskjer besøk av nokon frå kyrkjelyden. Soknediakonen har hatt 110 samtalar i løpet 2009. Dette inkluderer heimebesøk og samtalar på kontoret. Tema for samtalan har vore åndelege spørsmål, livskriser av ulik slag, psykiatri, sorg, einsemd o.v.

Arbeid med menneske med utviklingshemming

Hausten 2009 starta ei gruppe med Ernst Ebbesvik i spissen opp eit Tru og lys arbeid i Foldnes kyrkje med samling ein gong i månaden. Dette er ei vidareføring av "Livets lys", som vart lagt ned sommaren 2009. Tru og lys gruppa har etablert seg med eit eige styre der Ernst Ebbesvik er leiar. Soknepresten er med i arbeidet.

Våren 2009 hadde vi eit "Bli kjend i kyrkja" kurs i samarbeid med Straume arbeidssenter. Dette var særst vellukka.

Kyrkjebenken

Kyrkjebenken har blitt eit begrep og noko som ligg i planane våre kvart semester. 2 av prestane og soknediakonen deler på å sitje på kyrkjebenken 2 timar kvar torsdag. Det er varierende kor mange og kven som kjem, men det er alltid nokon som kjem for å få ein prat. Dette tiltaket er viktig for å vise at kyrkja er der folket er midt i deira kvardag, og midt i livet deira. Terskelen for å sette seg ned er nok litt høg, for vi sit godt synleg for alle som går forbi. Ønskje om ein annan stad for kyrkjebenken har vore diskutert med senteret, men det er vanskeleg å finne ein stad der vi er synlege og samtidig skjerma.

Det har ikkje vore ført statistikk på talet besøk.

Samarbeid

Det er samarbeid med ulike frivillige organisasjonar og kommunale tenester. Soknediakonen sit i kristeteamet i kommunen og palliativt team. Heimesjukepleien, psykiatrisk team og sjukeheimen tek gjerne kontakt når dei har pasientar som treng nok omeir enn den omsorga dei kan gje. Dette gjeld døande pasientar både på sjukeheimen og slike som bur heime, men og menneske som har andre problem dei ønskjer å dele med nokon av oss.

Soknediakonen er elles brukt av andre organisasjonar til forkynning, undervisning og foredrag.

Basecamp ungdomstiltak

Året 2009 har vore prega av i hovudsak fem forhold;

- ”Dancecamp 2009 – unike individ, unike fellesskap”
- Samlivsundervisninga i 9. klasse i Fjell.
- Kontinuerlig og god jobbing med ”Åpent hus”
- Historisk årsmøte i Foreningen Basecamp ungdomsdiakonitiltak
- Juleaksjonen ”La gode ting skje”

1. ”Dancecamp 2009 – unike individ, unike fellesskap”

Hausten 2008 (oktober) starta prosessen med utviklinga av gruppeutvekslinga ”Dancecamp Unik”. Vi samla 6 ungdomar som ønska å jobbe med dette prosjektet: fire ungdommar som hadde vore i Irland med Basecamp i 2008 og to nye som var blitt rekruttert av dei ”irlandsreisande”. I møte med denne gruppa skjedde ein viktig og spennande prosess.

Ungdomane sjølv tok ansvar og la premissene for utvekslinga: det skulle dansast en veke til ende og utvekslinga skulle heite ”Unik”. Ungdomane kom også opp med forslag til instruktør: Ole Petter Knarvik, kjent frå danseprogram på TV 2 og TV Norge. Ved å utfordre ungdomane, stille spørsmål og vere i prosess med dei, vaks det vakre fram: ”Dancecamp Unik – unike individ, unike fellesskap”. Gruppa jobba kontinuerlig med denne utvekslinga: frå oktober til utvekslinga fann stad i august 2009 på Skjergardsheimen i Øygarden, inklusiv førestillinga i Fjell kultursal. Ein av ungdomane var også med på ”Advanced Planning Visit” (APV), ei samling der leiarar frå dei ulike landa møtast omlag ein månad før utveksling for å bli einige om programoppsettet, reglar for utvekslinga og kvar det er mogleg å ta overnattingsstaden og andre fasilitetar nærare i augesyn.

Til sjølve utvekslinga kom det ungdomar frå tre land: Estland (sendarorganisasjon: European Movement Estonia, NGO), Frankrike (sendarorganisasjon: Maison de l'Europe des Yvelines, EUROPE DIRECT information centre, Chatou) og Irland (sendarorganisasjon: Ballyfermot Youth Service, Dublin). Det var 10 ungdommar frå kvart land; dvs totalt 40 ungdomar inklusiv Basecamps egne ungdomar og 8 leiarar, to frå kvart land, inklusiv Basecamps egne leiarar.

Utvekslinga varte frå 10. august til 17. august med ”finalen” 16. august: danseshowet ”Unik – unike individ, unike fellesskap” i Fjell kultursal med 170 betalende publikummarar. I løpet av denne veka lærte ungdomane gjennom ikkje-formell læring kor unike den enkelte er, kor unik deira land sin kultur er og at unike ting skjer når menneske frå ulike samanhengar møtast over landegrensar og kulturar og skapar et unikt produkt i løpet av ei hektisk veke. ”You are Unique” vart et kjent slagord denne veka. Det vart i tillegg til dansing også fisketurar med overnatting i telt, møte med lokalpolitikarar i Fjell og ekskursjon til Fløyen og Bergen. Gjennom disse ulike samanhengane og møtepunkta var målet at den enkelte ungdomen gjennom ikkje-formell læring skulle få lov til å jobbe med egne haldningar og verdiar knytt opp i mot begrepet ”Unik”.

Denne utvekslinga var avhengig av ekstern økonomisk støtte for å kunne bli gjennomført. Vi takkar difor følgjande for støtte: Aktiv ungdom, Fjell kommune, Øygarden kommune, CCB, Handelsbanken Sotra, Brødrene Ulveseth AS og Statoil Hydro – Stureterminalen.

Vi takkar også Fjell kommune, Fjell sokneråd og Sartor Storsenter for kontinuerlige driftsmidlar til Foreningen Basecamp ungdomsdiakonitiltak. Utan desse hadde heller ikkje utvekslinga funne stad.

2. Samlivsundervisinga i 9. klasse i Fjell

I samarbeid med Helsestasjon for ungdom har ungdomsdiakonen ved Basecamp gjennomført samlivsundervising for 9. klasse ved Ulveset og Ågotnes ungdomsskolar. Dette er undervising som, i tillegg til å lære ungdomane korleis ein kan beskytte seg både mot å bli gravid og få seksuelt overførbare sjukdomar, også fokuserer på viktige haldningar og verdiar i eit samliv. Denne undervisinga skjer på den enkelte skolen. Undervisinga vert motteken med både spenning og interesse av ungdomane. Det er eit gjennomgåande trekk at ungdomane etter undervisinga synest å ha fått med seg viktige innspel til korleis ein kan behandle kvarandre med respekt og omsorg når ein går inn i et forhold, og synet på kva seksuell aktivitet er synest utvida.

3. Kontinuerlig og god jobbing med ”Åpent hus”

Ein viktig bærebjelke i arbeidet på Basecamp er ”Åpent hus”. Ved å tilby et terskelfritt tilbod til ungdom på senteret vert eit viktig møtepunkt fasthalde. Så også i 2009. Det har vore et jamnt godt oppmøte, sjølv om perioden fram mot jul var prega av ein noko stillare periode. Vi går ut frå at denne er forbigåande, ettersom ”Åpent hus” har opplevd liknande periodar i alle dei seks åra tilbodet har eksistert.

4. Historisk årsmøte i Foreningen Basecamp ungdomsdiakonitiltak

I samband med etableringa av Foreningen Basecamp ungdomsdiakonitiltak vart foreninga sitt første årsmøte halde 14. mai i Basecamp sine lokale. Møtet ble leia av Vidar Arnesen og det ble servert ein enkel lunch. I tillegg til ordinære årsmøtesaker som namneoppdrag, godkjenning av innkalling og sakliste, val av ordstyrar, val av referent, årsmelding, rekneskap, budsjett og val til styret var følgjande saker satt opp: vedtektsendring i § 17 vedr prinsipp om økonomisk likefordeling samt ei sak om Basecamp skulle vere kandidat til midlar frå stiftinga Helse- og rehabilitering.

Det vart også fremja forslag om å legge til rette for aktivitetar som kan generere inntekter til Basecamp i størrelsesorden 20.000,- i første omgang. Resultatet av dette vart juleaksjonen ”La gode ting skje”.

5. Juleaksjonen ”La gode ting skje”

Det vart nedsett en gruppe i etterkant av årsmøtet som skulle jobbe med aktivitetar som kan generere midlar for Basecamp. Gruppen bestod av Rolf-Erik Berle Jørgensen, administrerande direktør – Smith Stål Vest AS, Marianne Cristi Nyborg, senterleiar - Sartor Storsenter og Vetle Karlsen Eide, ungdomsdiakon – Basecamp.

Eitt av fleire resultat av denne jobbinga vart juleaksjonen ”La gode ting skje” i desember 2009. Dette er ein todelt aksjon; ein bedriftsretta – mot alle bedrifter i Fjell, Sund og Øygarden og ein kunderetta – mot kundar på Sartor Storsenter.

Eit fleirtal av bedriftene på Sartor Storsenter stilte opp på denne aksjonen og vi oppnådde også gode tilbakemeldingar og eit pent resultat frå bedrifter i Fjell, Sund og Øygarden.

Det var derfor gledeleg å kunne melde om rett i underkant av kr 20.000,- etter avslutta aksjon i januar 2010. Vi vonar og trur dette kan bli ei årleg hending – til beste for ungdom.

Øvrige forhold

Inntekter og utgifter

Basecamp har i 2009 disponert tilskot på til saman 650.000 frå eigarane til dekking av løn, husleige m.m. I tillegg kjem gåver og andre inntekter.

Styret

Styret har hatt åtte møte og handsama totalt 54 saker.

Statistikk

Basecamp har i 2009 hatt 1305 besøkande i lokala sine på Sartor Storsenter (”Åpent Hus”). Tal på registrerte møte med ungdom på senteret i den oppsøkande tenesta er 71. Vidare har ungdomsdiakonen møtt 1338 menneske i ulike samanhengar i tilknytning til arbeidet på Basecamp. Ungdomsdiakonen har også møtt 225 menneske i ulike møtesamanhengar i 2009.

Respekt for skaparverket – miljøengasjementet i Fjell sokn

Vi er no inne i vårt 5.år som Miljøfyrtårn-verksemnd. Den 15.april -09 hadde vi ny ”eksamen”, vi besto prøven og vart resertifisert

Sjølv om vi oppfylte krava, er det framleis forbettringspotensiale og mykje vi kan jobbe med. Staben har no fått miljøtankane inn i kvardagen, mens det nok er litt meir å hente frå dei forskjellige brukarane av kyrkjene våre. Her ser vi at informasjon ut og tilrettelegging er svært viktig, og stadig noko vi kan forbetre.

Vi har 5 kategoriar bransjekrav som vi har å halda oss til:

Arbeidsmiljø, innkjøp og materialbruk, energi, transport og avfall.

Arbeidsmiljø (HMS):

For miljøsertifiserte verksemder er dette eit viktig område.

Brannvernkontroll, internkontroll og sikkerheit generelt for tilsette og brukarar, er noko vi heile tida jobbar med. Eit godt sosialt arbeidsmiljø er også noko vi set høgt, og vi har fleire møtepunkt for staben der formålet er reine trivselstiltak.

Sommaravslutninga hadde vi hos kyrkjeverje Annlaug Børve på garden hennar, der vi alle vart satt til å lage mat.....På to timer hadde vi trylla fram middag, dessert, kake og kaffi til 20 pers.! Juleavslutninga vart halde heime hos kateket Marianne B. Gammelsæter, med god mat, song, talar og ”gåve-dryss”.

Fødselsdagar til tilsette blir ofte feira i lunchen på kyrkjekontoret, kan hende med kake medbrakt av fødselsdags-”barnet”, men i alle høve ei merksemd frå ”Gledes-fondet” !

Innkjøp og materialbruk:

Vi kjøper framleis inn Fairtrade kaffi og økologisk te, som skal nyttast ved servering på arrangement i kyrkja sin regi. Andre Fairtrade-produkt vi nyttar er bl.a. roser og juice. Når anna materiell vert kjøpt inn, tar vi også omsyn til miljøet. Unngår trevirke frå regnskog og kjøper kortreiste varer når det er eit alternativ.

Energi:

Straumforbruket vårt er nok ennå for høgt, her er det mykje å hente. Det brukast alt for mykje straum i kyrkjene våre, vi må bli enda flinkare til å slå av lys der det ikkje oppheld seg folk. ”Slokk lyset”-skilt over lysbrytarar ser ikkje alltid ut for å hjelpe.....Men det er nok oppvarminga som trekkjer mest straum. Her hadde vi hatt mykje å spare om vi hadde montert fjernstyrt regulering av temperatur i kyrkjelokala. Men det har enno ikkje komme på dagsordenen.

Transport:

Vi oppfordrar alltid til å bruke sykkel i nærmiljøet, eller kollektivtransport når vi skal til Bergen, nyttar tog i staden for fly på reiser i jobben, der det lar seg gjere, og ”kamerat-kjøring” til felles oppdrag i arbeidet.

Avfall:

Vi legg stor vekt på kjeldesortering både på kyrkjekontoret, i kyrkjene og på gravplassane. Dei som jobbar til dagleg innan kyrkja er bevisste og innforstått med reglane. Men vi er veldig avhengige av at eksterne brukarar av kyrkjene og gravplassane også følgjer opp, noko som har vist seg å vere noko vanskeleg.

Slik står vi i dag, og har eitt mål for auget: **Å bli enda betre!**

Målsetjing for trusopplæringa:

Gje menneske opplæring i trua på Jesus Kristus og hjelp til å leve som kristne

Trusopplæringa i Fjell

Hausten 2009 vart det oppretta eigen undervisningsseksjon der alle i staben som arbeidar med undervisning er med. I tillegg møter prestane samt kyrkjevevja (inntil vidare).

Undervisningsområdet i Fjell kyrkjelyd omfattar: **T-dagane, konfirmasjonsundervisninga, det kontinuerlege barne –og ungdomsarbeidet, kyrkje-skulesamarbeidet, barnehage-skulesamarbeidet og vaksenundervisning.** SR oppnemnte nyleg eit undervisningsråd som skal sjå til den faglege sida ved undervisninga.

Rett før sommaren vart det òg sett i gang eit arbeid for å kartleggje alt undervisningsarbeidet i kyrkjelyden. Dette skal i løpet av 2010 munne ut i ein trusopplæringsplan for Fjell. Denne vert sett i samanheng med strategiplanen som er under utarbeiding, og den sentralkyrkjelege trusopplæringsplanen ”Gud gjev – vi deler” som vart vedteke på Kyrkjemøtet i 2009. Hausten 2009 vart Marianne Bergsjø Gammelsæter tilsett i kateketstillinga med leiaransvar for undervisninga i Fjell.

T-dagen

Trusopplæringsprosjektet i Fjell er no utbygd med ein eller fleire T-dagar årleg og T-helsing for alle årskull. Følgjande T-dagar er no etavartre i kyrkjelyden:

- **T1 Dåpskurs og Babysong:** Dette er dei einaste samlingane som er kvar månad. Dåpskurs er felles for alle som skal ha dåp den komande månaden. Prestane og T-teamet

med fleire frå staben gjennomfører kursa. Babysong er eit føremiddagskurs, fyrste måndag i månaden og rullerer mellom alle tre kyrkjene. Oppslutnaden er på litt over **40%**. **All påmelding til dåp** skjer frå årsskiftet hovudsakleg på nett: www.t-dagen.no/dap. Dette ser ut til å få mange positive konsekvensar. Eige skriv er laga til foreldra.

- **T1+ Påskevandring:** Ei vandring etter modell av påskevandring med barnehagane. Vart gjennomført i Fjell og Foldnes kyrkje med **35 barn** med foreldre. Kaffi.
- **T1+ Julevandring** i Fjell, Foldnes og for fyrste gong i Landro. Julevandring med ulike stasjonar i kyrkjerommet. Ny rekord med over **50 born** med foreldre. Kaffi.
- **T2-dagen** flytta til desember same helga som T3-dagen. Foldnes kyrkje. Tema: *Størst i Guds rike*. Med stasjonar (kortverkstad, sanserom og forteljing/drama). Kaffi. **40 deltakarar** (14% av kullet) med foreldre og nokre søsken. God auke.
- **T3-dagen** i desember i Foldnes kyrkje med adventstema på tre ulike stasjonar (forteljing, song og kortverkstad) kaffi og myldregudsteneste. Nær **30 deltakarar**.
- **T4-dagen** i februar og september. Tema: *Trygg hos Jesus*. Utdeling av 4-års bok. Gudsteneste i samarbeid med Søndagsskulen samtidig i alle tre kyrkjene. Litt nedgong i oppslutninga for første året på lenge med litt under **40%**.
- **T6-dagen** med skulestartdag i Foldnes og Landro i august. Tema: *Ny start*. Teaterstykket Noah med Dukkenikkerne. Middag og kveldsavslutning. 72 deltakarar, **26%** oppslutning
- **T5-dagen** i april i Foldnes kyrkje med Godly Play-grupper, middag og kveldsavslutning. Tema: "Den gode hyrdingen". 55 deltakarar med foreldre noko som er ei markant auke.
- **T7-dagen** på valdagen/planleggingsdagen i september. Pilegrimsvandring på den Gamle kyrkjevegen frå Morland til Fjell. Fleire sentrale tema (korset, sakramenta, bønn, gudsteneste). Ei lita liturgisk samling, film og aktivitetar etter vandringa. Samling med foreldra. 52 deltakarar = stor auke.
- **T8-dagen** Februar. Tema: *Gud skapar vi lagar*. På planleggingsdagen. I Foldnes kyrkje. **67 barn og over 200** (foreldre og søsken) til middag og festavslutning. Auke år for år på T8.
- **T9-dagen** Juni i alle tre kyrkjene. Tema. *Det heilage romet*. Kunstutstilling i alle tre kyrkjene med kunst som barna har laga. T9 er i etterkant av skule-kyrkje besøket for alle 3.klassene i Fjell. Gudsteneste med T9-preg i alle kyrkjene søndagen etter. På T9-dagen deltok **67 barn** med foreldra og over 30 sysken. Få T9-arar på gudstenesta.
- **T10-dagen** November i Foldnes kyrkje. Tema: *Den levande boka*. På planleggingsdagen. T-dagen sitt "flaggskip" med flest timer og mangfaldig innhald. Vart køyrd for femte året. Nær 90 deltakar (31%) og ca. 250 til middag (foreldre/søsken).
- **T11-dagen** April i Fjell kyrkje. Tema: *Du verden* om misjon og bistand. Med deleaksjon i Fjell sentrum. Ca. 40 deltok.
- **T12-dagen** i september i Foldnes kyrkje. Tema: *"På sporet av Jesus"* Med forteljingsstasjonar der barna møter mange ulike personar frå Jesu tid (Sakkeus, Maria, fiskarane, den lamme mannen, Pilatus, Lukas...) Fest hos "Sakkeus" med god mat og program. 35 deltakarar Det syner seg at jo eldre barna blir (mellom ti og tolv år) jo, lågare deltaking er det.
- **T13-dagen** i april (ny dette året!) Tema: *Forsoning –hø...* Tema vert belyst gjennom utdrag av to filmar, breakdance, undervisning og kveldsavslutning. Suppemiddag. 40 ungdomar deltok.
- **T14-dagen** i april i Bibelskulehallen. Tema: *Skapt i Guds bilete*. Med presentasjon av konfirmasjonsopplegget i Fjell, middag, minikonfirmanttime, foreldremøte og konsert med Ten Sing Lukas. 250 deltok. Ca. **80 %**.
- **T15 Konfirmasjonstida**. Har følgd opplegget som før, men meir integrert i T-dagen-systemet ved at det vart utarbeidd konfirmantkort med hovudtema i konfirmasjonsundervisninga. Desse er til å sette inn i T-dags mappa.

- **T16,17,18** i november i Foldnes kyrkje. Tema: *Fair play*. 40 deltakarar. Ein tok no steget ut av vidaregåande skule og arrangerte en ”normal” T-dag for desse tre årskulla. Programinnhald: Rolling magazine, kafe og Ung messe. Mange gode tilbakemeldingar, men deltakartalet er skuffande.

Kort oppsummering

T-dagane og trusopplæringa er etablert i Fjell både som omgrep og som konsept. Ein har for fyrste gong kjørt T-dagar for alle årskull utan samarbeid med skulen. Vi har også for fyrste gong rekna saman kor mange barn, vaksne og medarbeidarar ein har møtt i løpet av alle T-dagane i 2009. **Nær 2000 einskilde barn (1960), over 2000 (2220) foreldre, besteforeldre eller fadrar, ca 100 uløna medarbeidarar (inkludert foreldre som hjelpe til) og nesten alle frå staben har bidrege på fleire T-dagar.**

Erfaringa er at vi stort sett samlar ”fulle hus” og når ”breidda” av folk. Anslagsvis 70% av dei som kjem, kjenner vi ikkje frå før. Dette er svært gledeleg! Det som er hovudutfordringa er å nå breidda av dei døypte med systematisk trusopplæring. Vi arbeider med informasjon til foreldra både på dåpskurser og på alle T-dagane, og med auka bruk av sms og epost, men ser at dette er ei vanskeleg oppgave. **Fleire foreldre må i større grad ta aktive val for at barna skal få med seg T-dagen sin!** Vi ser særleg ei utfordring i alderfasen 11-13 år der altfor mange barn får velje sjølve om dei vil delta i trusopplæringa eller ikkje. Ein har i samband dette begynt å arbeide med ideen om å starte påmeldinga til konfirmasjon tidligare (T12-dagen) og la T12, T13 og T14 inngå i konfirmasjonstida. Dette vil bli drøfta i tida som kjem.

Vi har også i 2009 arbeidd aktivt for at gudstenestelivet og trusopplæringa i større grad kunne påverke kvarandre positivt. Vi ser ikkje at ”folk flest” som kjem på T-dagane kjenner at gudstenestene er ein naturleg plass for dei. I 2009 bestemte ein at to familiegudstenester i året skulle vere **gudsTeneste** i alle tre kyrkjene, der ein inviterte alle som det siste halvåret hadde vore på ein T-dag. På gudsTenesta i november vart det samarbeidd om gudstenesta, T-teamet deltok i alle kyrkjene og var det stort sett god oppslutnad.

Konfirmantundervisning

Endring av termin for konfirmasjonen gjorde 2009 til eit arbeidskrevjande konfirmantår. I september vart 292 ungdomar konfirmerte. Dei var fordelte på 5 linjer, 88 Klassisk-konfirmantar, 99 var Krik- og klubbkonfirmantar, 30 KMCrosskonfirmantar, 26 Tremorlinje- og 45 Sommarleirkonfirmantar. I tillegg hadde 4 eigne opplegg i samarbeid med skulen.

Vi har som vanleg gjennomført to store arrangement for konfirmantane i 2009, On-side og Fasteaksjonen. Begge arrangementa krev stor innsats både av stab og av konfirmantforeldre. Vi var godt fornøgde både med On-side og Fasteaksjonen. I overkant av 150.000 vart samla inn på sistnemnde. Rekord i år igjen.

For 2009-kullet var følgjande obligatoriske gudstenester gjennomførte:

- 3 presentasjonsgudstenester, ei i kvar av kyrkjene i januar
- 7 samtalegudstenester: to i Fjell i august, tre i Foldnes og to i Landro i september
- 13 konfirmasjonsgudstenester: 4 i Fjell, 6 i Foldnes og 3 i Landro i september

For 2010-kullet var det 3 presentasjonsgudstenester, ei i kvar av kyrkjene i oktober

Då vart 285 konfirmantar presenterte for kyrkjelyden, og undervisninga starta opp for fullt. Dei hadde allereie hatt sin T14-dag i mai, og meldte seg til konfirmasjon før sommaren.

Dei skal konfirmerast i første halvdel av mai 2010.

Samarbeid med barnehage og skule

Barnehagekontakt

Også i år har vi hatt Adventsgudstenester for barnehagane før jul: 11 samlingar, med til saman 1260 barn + mange vaksen personar . I tillegg sporadiske besøk i gjennom året. Så og seie alle barnehagebarn i Fjell er innom kyrkja i desember. Dette kan vi gle oss over!

Påskevandringar er også fast tradisjon for barnehagane. Vi inviterer bare dei eldste barna til dette.

I 2009 var det 29 påskevandringar for barnehagar, med til saman 691 barn, samt mange vaksne. Neste år må vi spreie vandringane over fleire dagar. Tilstøyminga er stor, særlig på Litlesotra.

Pinsevandringar vart også i år gjennomført som fint samarbeid med NMS . Vi ser at barnehagane gjerne vil komme, men mange ser seg ikkje råd til ”*nok ein busstur med reisekostnader*” .

Oppslutnaden var noko lågare i 2009. Vi ser at Pinseopplegget lett kan integrerast i T-dagssystemet, og tenkjer at neste år kuttar vi dette som tilbod for barnehagane.

Vi er takksame for god respons og fint samarbeid med barnehagesektoren i Fjell!

Skulesamarbeid

Gjennom SKU (Skule/kyrkjeutvalet) har vi også i år hatt dei faste møtepunkta med skulane gjennom året. Vi opplever eit svært godt, trygt og solid samarbeidsklima med skulesektoren her i Fjell. Trass endringar i RLE faget står samarbeidet fast. Nytt av året er at vi er i gang med å opprette eit eige SKU for ungdomsskulesteget.

- Alle 3.klassane kom til kyrkje for å bli kjent med si lokale kyrkje
- Alle 5.klassane fekk besøk frå staben med ein skuletime om Bibelen. I år flytta vi Bibelutdelinga frå kyrkja til skulen. Slik fekk klassane dette som ei felles oppleving med alle elevar tilstades. Dette grepet er både skulane og kyrkja svært nøgde med.
- I advent kom samtlege skular til Adventsgudstenester i sine lokale kyrkjer.
- Nytt av året er at vi laga til ei eiga adventsamling for spesialklassen på Hjelteryggen. Dette var svært fint, og vart godt motteke.
- Kurset *Vandring gjennom Bibelen* (5.klasse) vart halde i mange klassar også i år. No er vi tre på kyrkjekontoret som held desse 4 timars kursa.: Astrid Myskja, Anne Kaldestad, og Bjarte Nese.
- Vi fekk også i år vidareføre samarbeidet med PPT/Helsesøstre og 1.klassane i kommunen. Opplaget *Zippis venner* har ein modul som omhandlar tap, sorg og død. Kyrkja er her med som fagleg samarbeidspartnar. Vi hadde også i år alle 1.klassane med på vandring på dei lokale kyrkjegardane. (14 klassar, 279 barn) Eit svært meiningsfullt samarbeid for alle partar.

Leiarane:

Mange frivillige er med å drive søndagskular, klubbar og kor i heile Fjell. Dette gjev grunn til glede og takk. Vi tilsette er innom på besøk med andaktar gjennom året, og ser på dette som verdifulle møtepunkt.

I Fjell kyrkje vart det oppretta eit *Barneforum*.. Eit forum med tid til samtalar , felles refleksjonar om ynskje og draumar. Eit viktig tema der har vore: Korleis er det å vere liten i Fjell kyrkjelyd?. Nytt barnekor i Kyrkja var ei direkte fylgje av dette forum. Samtalane vil fortsetje vidare.

Gudsrikeleiken/Godly Play:

Fjell er framleis plogspiss i Bispedømet for Gudsrikeleiken, eit pedagogisk opplegg for dei minste barna. Opplegget har og i år vore brukt i på søndagsskulen i Landro, og for ei gruppe barn i Foldnes

Dåpssakristia i Landro og Foldnes har vorte tilrettelagt for dette med vakkert materiell og utstyr, og Fjell står no for tur. 4 nye av våre frivillege er no utdanna, så no er i alt 8 flotte medarbeidarar skolerte til å bruke dette opplegget. Godly Play vert og nytta på 3 ulike T-dagar lokalt: T3, T5 og T10. Vi ser og for oss eit T5+ opplegg, med fire påfølgande samlingar med Godly Play etter T5 dagen.

Framleis har vi nokre fondsmidlar til å bruke på å sende fleire på kurs.

Kontinuerleg barne –og ungdomsarbeid

Barn

Det er i stor grad dei kristne barne –og ungdomsorganisasjonane som driv barne og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. I samband med undervisningsplanen vert det no laga ein oversikt over dette. Oversikta er særleg viktig med tanke på kva slags strategi ein vil legge framover.

Det er viktig å understreke at det er svært mange uløna medarbeidarar som bidreg og gjer ein kjempeinnsats saman med barn og unge i Fjell.

Det vart i 2009 starta barnekor i Fjell kyrkje i regi av kyrkjelyden. Barnekora i Foldnes og Landro er også knytt til kyrkjelydsutvala og soknerådet.

Ungdom

I 2009 vart det vedteke eit mandat for Ungdomsrådet i Fjell. Samstundes vart kyrkjelydspedagogstillinga, som har arbeidd med ungdom/konfirmantar, sett vakant på grunn av manglande økonomi. Ein var akkurat i startfasen for ei auka stasinga på ungdomssektoren med blant anna leiarkurs og vidareutvikling av ungdomsarbeidet. Konsekvensen vart at Ungdomsrådet ikkje vart oppnemnd, men at ressursar frå T-dagen i nokon grad har vorte brukt til å styrke kontakten med einingane (Landroklubben, Ten Sing/KMCAction, KRIK og B-teen) mellom anna med tanke på T16,17,18, satsing på Ung messe og til å arrangere den årlege leiarhelga på Kvamskogen.

Målsetjing for gudstenesteliv:

Eit rikt og variert gudstenesteliv der Gud og menneske møtest

1. Generelle trekk

Gudstenestene er kyrkjelyden sine hovudsamlingar. Her skjer eit møte mellom Gud og menneske, og mellom menneske. Gudstenestearbeidet i Fjell kyrkjelyd har denne inndelinga. I Fjell og Foldnes har vi gudsteneste kvar søndag, og i Landro annakvar søndag. Det er ei veksling mellom høgmesser og familiegudstenester, og temaet for gudstenestene vert styrt av kyrkjeåret. Nokre gonger i året vert det feira gudsteneste utanfor kyrkjene våre. Her kan ein særleg nemne bedehusa på Turøy og Bjorøy, forutan friluftsgudstenester på Pyttane og Langøy.

I tillegg til dei ordinære søndags gudstenestene, er det skule og barnehagegudstenester i samband med jul, særskilde dåpsegudstenester (laurdagar) og konfirmasjonsgudstenester. Jamnleg er det også gudstenestlege samlingar (dvs. andaktar med nattverd) på institusjonar i kommunen

(Kvednatunet, Fjell Sjukeheim, Straume Bu og Service senter). Forutan dette er det andre samlingar i kyrkjene som har gudstenestleg karakter ved særskilde høve. (retreat samlingar o.l)

For å få eit meir variert gudstenesteliv er det og nokre gudstenester på ettermiddag- og kveldstid. I Foldnes; Treffpunkt - og i Fjell; familiegudstenester i samarbeid med FamilieTreff.

Å inkludere kyrkjelyden i førebuing og gjennomføring av gudstenester er viktig for å skape eigarforhold til samlingane. Kyrkjelydsutvala engasjerer seg i samband med gudstenestene i alle kyrkjelydsdistrikta. I denne samanhengen er kyrkjekaffi, tekstlesingar, kyrkjevertordning og søndagsskule viktige element. Det har òg vore fokus på varierte musikkuttrykk med veksling mellom orgel/ piano og band/forsongarar. Forsongartenesta er mest utvikla i Foldnes. men og i Fjell og Landro vert det arbeidd med dette. Sjølv om kyrkjelyden i nokon grad vert inkludert i gjennomføring av gudstenester, er det likevel meir som kan gjerast med dette.

Å utvikle gudstenesta som sosial møtestad er noko alle kyrkjelydsutvale er opptekne av. Difor er det vanlegvis kyrkjekaffi etter alle søndagsgudstenester i kyrkjene (ikkje høgtider).

2. Musikk i gudstenesta

Eitt av delmåla i strategiplanen er å opne for ulike kreative, musikalske, liturgiske og kulturelle uttrykk i gudstenesta. Kyrkjemusikarane i Fjell har på forskjellige måtar arbeidd for å nå desse måla. Musikalsk har ein spelt på lag med ynskje og initiativ som har kome fram frå utval og medarbeidarar.

Fjell sokn har eit omfattande korarbeid. I Fjell kyrkje deltok Sotra Reviderte minst ein gong i månaden med unnatak i juli og august. Fjell kyrkjebras deltok på to gudstenester. Orgel i samspel med trompet/kornett i høgtidande påske, pinse og jul.

På familiegudstenestene har musikken vore knytt til band, forsongarar og PA-anlegg i samspel med orgel. Frå hausten tok barnekoret del tre gonger.

På "Retreatkveldar" er det i hovudsak orgelmusikk.

I Folnes kyrkje er det forsongarar på kvar gudsteneste, på nokre av familiegudstenestene er det barneforsongarar.

På "vanlege" høgmesser vert i hovudsak orgelet og flygelet brukt, i samspel med kornett/trompet/fløyte på høgtidsdagar.

På Treffpunkt, familiegudstenester og gudstenester i samband med Trusopplæringsprosjektet (T-dagar) er det band .

Sotra Barnegospel tek del på 1-2 gudstenester i semesteret, og Tensing Lukas har delteke på ung messe.

I Landro kyrkje er musikken i hovudsak knytt til orgel og piano, med jamleg samspel med instrumentalsolistar. På nokre gudstenester har det også vore band og forsongarar.

Organist bidrog jamleg med solosong

Nordre Fjell barnekor deltok i fleire gudstenester både vår- og haustsemesteret, og Sotra Vest skulekorps deltok i ei gudsteneste

3. Statistikk

Tala frå statistikken viser at gudstenesteframmøtet (søn og helgedagar) i soknet er forholdsvis stabilt frå 2008 til 2009. Totalt var det 23293 frammøtte på 161 gudstenester (søn og helgedagar) Totalt frammøte på gudstenester (i soknet totalt) generelt var 33885 på 247 gudstenester.

(Tala for 2008 er: 22940 fordelt på 156 gudstenester (søn og helgedagar). Totalt frammøte på gudstenester generelt var 31347 fordelt på 219 gudstenester.)

Fordelt på kyrkjene fordeler det seg slik for 2009:

Totalt

Landro	6046 deltakarar på	52 gudstenester	26 dåp (5990 i 2008)
Foldnes	13804 ”	85 ”	84 dåp (12990 i 2008)
Fjell	11923 ”	80 ”	121 dåp (11801 i 2008)
Andre	2112 ”	(Skulegudstenester på ungd. skular + institusjon o.l.)	

Søn/helgedag i kyrkjene

Landro	4230 deltakarar på	35 gudst. snitt 121 deltakarar (4516 og 35 i 2008)
Foldnes	9413 deltakarar på	58 gudst. snitt 162 deltakarar (8648 og 55 i 2008)
Fjell	9337 deltakarar på	61 gudst. snitt 153 deltakarar (9402 og 60 i 2008)
Andre	310 deltakarar på	5 gudstenester

4. Særskilde gudstenester

Nokre gudstenester har særskilde tema – utanom kyrkjeåret. T4-dagen vert markert to gonger i året i alle kyrkjer. Her vert det delt ut 4 års bok, og dagane har vorte markert som søndagsskulens dag. Nytt for året var også forsøket med såkalla gudstenester i alle kyrkjer. Her vart familiar som hadde delteke på T-dags arrangement særleg invitert. Dette forsøket vil bli vidareført. Det bør også nemnast at ein i 2009 har gitt kveldsavslutningane på enkelte T-dags arrangement eit sterkare gudstenestleg preg. Dette for å bevisstgjere foreldre og barn om gudstenester som smalingspunkt for kyrkjelyden. Difor vart til dømes T16/17/18 dagen avslutta med ei Ung messe i Foldnes kyrkje. Nytt for året er at det vart arrangert Ung messe i samarbeid med ungdommar frå Ten Sing Lukas og KMC action i Fjell kyrkje den 10. mai og 15. nov. Dette var eit vellukka konsept, og kjem til å bli vidareført i 2010.

Ei endring det er verdt å nemne er at ordninga med utdeling av biblar til 5. klasse vart endra, slik at elevane no får bibelen i gåve i samband med eit skulebesøk. Tidlegare vart utdelinga gjort i samband med ei hausttakkefest gudsteneste.

5. Dåp og nattverd

Det er og mange som ønskjer dåp i kyrkjene våre og dette får konsekvensar for planleggjinga av gudstenestene. Omlag ved annankvar gudsteneste er det høve til å melde dåp. I 2009 vart det utført 232 dåp i Fjell sokn (245 for 2008). 34 barn frå Fjell sokn vart døypt i andre kyrkjer. Fjell kyrkje er mest populær mht dåp, og barn tilhøyrande Foldnes og Landro vert nokon gonger døypt i Fjell kyrkje.

Det er nattverd på omlag annankvar gudsteneste. Totalt nattverdfammøte for Fjell er 5205 (5055 i 2008). Av dette var 4490 nattverdgjester ved søndagsgudstenester (4728 i 2008). Tala for kvar kyrkje er: Landro 764 (958 i 2008), Fjell 1857 (1429 i 2008), og Foldnes 1869 (2253 i 2008) nattverdgjester. Nattverdfammøtet på søndagsgudstenester i kyrkjene har gått ned i 2009 – med unntak av i Fjell kyrkje.

6. Kommentar:

Gudstenestearbeidet er eit arbeid som må vere i stadig utvikling. Det vil alltid vere mange meiningar om gudstenestene våre, mange forskjellige ønskje og mange forskjellige behov. Gudstenesteframmøtet er relativt stabilt i alle kyrkjer. Men særleg Landro har ein viss tilbakegang på søn/helgedags gudstenester. Men dei totale tala er ganske små, difor kan noko av forklaringa ligge i at det har vore færre dåp i 2009. Derimot har Foldnes ein fin framgang, bakgrunnen kan ligge i ein meir stabil personellsituasjon på prestesida. Det bør sjåast nærare på kva som er årsaka til er nedgangen i talet på døypte og nattverdgjester i kyrkjelyden. Her bør tiltak vurderast.

Bidragstytarar til årsmeldinga:

Soknediakon Torbjørn Fjøren
Ungdomsdiakon Vetle K. Eide
Miljøansvarleg Ingjerd H. Johansen
Kateket Marianne B. Gammelsæter
Kyrkjelydspedagog Anne L. Kaldestad
Kateketvikar Terje Aannerød
Sokneprestvikar Bjarte Nese
Kantor Olav Sørheim
Organistar Torgeir Landro og Helge Berset
Kyrkjeverje Anlaug Børve